

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar(frå sak 44), Kristian Hanto-nestleiar, Kjellbjørn Karsrud, Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad  
Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant. Sina Myhr, Live Visdal, Solfrid Gjeldokk, Ann Helen Erichsen, Audun Stokke Hole og Jorun Hagen var med under sakene dei var handsamer på og på dag to.

**Tid:** **Torsdag 29.september kl.11.00-17.00. Fredag 30.september kl.09.00-16.00.**

**Stad:** **Torsdag: Møllergata 39, Fredag: Anker hotell.**

**Middag torsdag kl. 19.00 Generasjonsbaren, Torggata 13.**

### Sakliste

Styresak 2022/41	Innkalling og sakliste
Styresak 2022/42	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
a)	Driftsrapport per 19.september 2022
b)	Regnskap per 31.august 2022
c)	Eventuelt
Styresak 2022/43	Evaluering av Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2022
Styresak 2022/44	Revidert søknad frå Møre og Romsdal folkemusikklag om LF 2024
Styresak 2022/45	Årets folkemusikkarrangør
Styresak 2022/46	FolkOrgs eigen tilskotsordning - revidering
Styresak 2022/47	Nordisk sangsymposium
Styresak 2022/48	Jubileumsslått
Styresak 2022/49	Jubileumskonsert i Grieghallen - framlegg til idé
Styresak 2022/50	Drift av Folkemusikk
Styresak 2022/51	Opplegg for Landsmøtet 2023
Styresak 2022/52	Revidering av langtidsplan med særskilde satsingar
Styresak 2022/53	Eventuelt

**Styresak 2022/41 Innkalling og sakliste**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.*

**Styresak 2022/42 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

**Driftsrapport per 19.09.2022**

- a. Rådgjeving/Opplæring/service – Oppsummering:
  - a. Vi har delt ut Gnist-prisen og arrangert ungdomssamling på Lanskappleiken.
  - b. Vi har informert om og arbeidd med ulike tilskotsordningar.
  - c. Ål spel-og dansarlag har blitt utnemnt til årets lokallag.
  - d. Vi har informert om ulike arrangement og anna relevant stoff.
  - e. Vi har informert om Folkelarmprisen.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
  - a. Lanskappleiken
    - i.Har gjennomført Lanskappleiken på Rjukan med alt det inneber.
    - ii.Arbeidet med hovudnemnda 2023 er i gong.
    - iii.Vi arbeider med forbeteringar av nettsider og andre digitale tenester.
  - b. Landsfestivalen i gammaldansmusikk
    - i.Har gjennomført Landsfestivalen i gammaldansmusikk med alt det inneber.
    - ii.Arbeidet med hovudnemnda 2023 er i gong.
    - iii.Vi arbeider med forbeteringar av nettsider og andre digitale tenester.
  - c. Folkelarm
    - i.Arbeidet med planlegging av årets Folkelarm er godt i gong.
    - ii.Informasjonsarbeidet knytt til Folkelarm er godt i gong.
  - d. INTROfolk
    - i.Vi har gjennomført semifinalen av IntroFolk og informert godt om den i forkant og etterkant.
    - ii.Vi har eit godt samarbeid med GRAMO.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering
  - a. Folkemusikk/folkemusikk.no
    - i. Folkemusikk nr. 3/2022 er nett kome ut til abonnentane.
    - ii. Folkemusikk nr 4/22 kjem ut som planlagt i november, sjølv om det ikkje finst pengar til å honorere nokre bidragsytarar. Stoffet vil vere ei blanding av eldre artiklar frå Spelemannsbladet og nye artiklar skrivne av redaktøren.
    - iii. Spesialutgåva av Folkemusikk i høve hundreårsjubileet er utsett til neste år. Vi reknar med å gi det ut som nr. 1/23.
    - iv. Redaksjonsrådet har fått to nye medlemmer, Benedicte Maurseth og Guttorm Andreasen. Ragnhild Knudsen og Jostein Aardal har gått ut av rådet etter lang og tru teneste.
    - v. Magasinet folkemusikk vart promotert på LK og LF i sommar, gjennom rollup, plakatar og flyers. Eigen qr-kode som giekk rett til abonnementsside vart laga og lagt til på info.
  - b. Anna informasjonsarbeid:
    - i. Det er tenkt oppstartsmøte ang nye nettsider for folkorg.no / folkemusikk.no i oktober.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering
  - i. Vi har gjennomført arrangementet «Kan regionene bli redningen likevel? Regionale kulturfond» under Arendalsuka 2022. Arrangementet var vellukka, men det er nok liten sjanse for at regjeringa prioriterer å innføre regionale kulturfond i 2023..
  - ii. Under Arendalsuka fekk vi kontakt med fleire politikarar, og nytta då høvet om å snakke om 100-årsjubileet vårt. Vi har bedt om møte med alle partia i familie- og kulturkomiteen for å snakke om jubileet.

- iii. Statsbudsjettet 2023 vert lagt fram 6.oktober. Arrangørforum, saman med Norsk musikkråd, Norsk kulturforum, Musikkindustriens næringsråd og Creo planlegg no ein debatt om kulturbudsjettet. Den blir truleg 17.oktober. Familie- og kulturkomiteen har høyringar på statsbudsjettet 25. og 27.oktober. Utanriks- og forsvarskomiteen har høyringar 24. og 27.oktober. Vi planlegg å delta på begge desse.
  - iv. Vi hadde møte i Musikkindustriens næringsråd 26. august. Tema som vart drøfta var mellom anna desse: høyringssvar og juridisk vurdering av regieringas framlegg til smittverntiltak for konser- og arrangementsbransjen som ein del av regieringas tiltakspakke med nasjonale smitteverntiltak. Her har vi fått ei juridisk vurdering av desse. Vi drøfta også NRKs standardavtaler for deltaking med live musikkinnslag.
  - v. Festival- og arrangørutvalet i Norsk kulturråd inviterte Arrangørforum til eit lytte- og innspelsmøte, der dei ville høre om situasjonen på arrangørfeltet no og få innspel til ordningane. Arrangørforum arbeidde godt i forkant for å førebu innspela frå oss.
- e. Særskilde satsingar
- a. Lag og medlemmer
    - i. Aktiv marknadsføring av ny utlysing av FolkLeiarUng
    - ii. Planlagt første samling med nye deltakrarar.
    - iii. Planlagt rekrutteringsseminar på Folkelarm
    - iii. Rapportert til Dextra
  - b. Informasjon, formidling, dokumentasjon
    - i. Arbeidet med planlegging av jubileumsåret er godt i gong og med godt samarbeid med mange.
    - ii. Vi har søkt midlar mange stader.
    - iii. Aktiv marknadsføring av jubileet.
  - c. Folkedans
    - i. Hatt møte med NU og SFF om danseseminar på Folkelarm.
    - ii. Avtalt møte med NU for å sjå på mogleg samarbeid kring folkedans i FolkLeiarUng-prosjektet.
  - d. Utøvarar og arrangørar
    - i. Vi har lyst ut Årets folkemusikkarrangør 2022. Det kom inn i alt 18 nominasjonar til 9 ulike arrangørar.
    - ii. Vi planlegg offentleg lansering av [www.folkartist.no](http://www.folkartist.no) til Folkelarm 2022. Dette i samanheng med seminar om viktigeita med å ha eige nettside i tillegg til sosiale media.
  - e. Kulturpolitiske arbeid
    - i. Ingeborg Ulberg Sommer blir FolkOrg sin representant i styringsgruppa for eit nytt digitalt læringsverktøy for folkemusikk. Det er Norsk senter for folkemusikk og folkedans som er prosjekteigar her, men i tett samarbeid med mellom anna utdanningsinstitusjonane.
    - ii. Dagleg leiar er no styrerepresentant i European Folk Network (EFN). Vi skal ha den årlege årskonferansen i Manresa i Spania i oktober, i samarbeid med Fira Mediterrania. Dette styrevervet er eit godt høve for å knytte relevante internasjonale kontaktar.
    - iii. Var til stades på Utanriksdepartementets mottaking i samband med at alle dei norske stasjonssjefane (ambasadørane) var i Noreg for samling. Der vart eksportprogrammet Ex.Tra, som vi har saman med Music Norway nemnt, som det einaste eksportprogrammet som vart framheva. Fekk også ein prat med ambasadøren i Storbritannia, som var klar for å bidra i samband med Showcase Scotland.

a) Driftsrapport per 19.september 2022

- b) Regnskap per 31.august 2022**
- c) Eventuelt**

*Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:*

- Styret vil drøfte om vi ikkje bør utvikle ein eigen folkedanspolitikk.

**Styresak 2022/43      Evaluering av Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2022**

Vedlegg:

- *Tilbakemeldingar på Lanskappleiken 2022*
- *Tilbakemelding på LK og LF 2022*
- *Tilbakemelding på Landsfestivalen 2022*
- *Tilbakemelding etter Landsfestivalen 2022*

*Vedtak:*

- a) *Revidering av tevlingsreglement blir sak i neste styremøte.*
- b) *Presisering av praksis kring betaling for heidersmedlemmer blir sak i neste styremøte.*
- c) *Super-junior på LF blir vidareført som ei prøveordning eitt år til.*
- d) *Kriterium for presseakkreditering må opp som sak i styret.*
- e) *Administrasjonen har elles notert seg innspel og synspunkt i møtet.*

**Styresak 2022/44      Revidert søknad frå Møre og Romsdal folkemusikklag om LF 2024**

*Vedtak: Revidert søknad frå Møre og Romsdal folkemusikklag om Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2024 vart godkjend.*

**Styresak 2022/45      Årets folkemusikkarrangør**

Vedtak:

- a) Dei nominerte til Årets folkemusikkarrangør er (i alfabetisk rekkefølge):
  - a. Farsund Folk Festival
  - b. Folkemusikkveka
  - c. Telemarksfestivalen
- b) Kriteria for årets folkemusikkarrangør skal reviderast før neste års utlysing.

**Styresak 2022/46      FolkOrgs eigen tilskotsordning - revidering**

Vedtak:

- a) FolkOrg skal lage ei søknadsordning som femner det beste både frå eigen rekryteringsordning, dansetilskot og aktivitetstilskotsordning (ad hoc-ordninga etter pandemien).
- b) Administrasjonen lager eit framlegg til retningsliner for den nye ordninga og legg den fram på neste styremøte. Styret ønskte mellom anna at ordninga berre skal vere open for medlemmer, det inkluderer både lag, arrangørar/festivalar og enkeltmedlemmer. Det bør kome fram eit tak på mogleg tilskotssum.

**Styresak 2022/47      Nordisk sangsymposium**

*Vedtak:*

- a) *FolkOrg vil sende inn framlegg til innhald til Nordisk sangsymposium*
- b) *Camilla Granlien følger opp med å skissere eit opplegg for eit innhald og tek kontakt med rette personar for å finne relevant forsking på feltet.*
- c) *Frist for å sende inn framlegg til innhald er 1.desember.*

**Styresak 2022/48      Jubileumsslått**

*Vedtak:*

- a) Vi lyser ut konkurranse om å komponere ein jubileumsslått, den skal sendes inn som noter eller lydfil, og skal ikkje arrangerast.
- b) Frist for innsending er 31.12.2022.
- c) Styret oppnemner jury når fristen er gått ut, slik at alle som vil har høve til å delta. Juryen skal vurdere framlegga utan å vite kven som har komponert dei.
- d) Det skal opplysts om at FolkOrg har rett til å nytte slåtten i ulike arrangement og konsertar.

**Styresak 2022/49      Jubileumskonsert i Grieghallen - framlegg til idé**

*Vedtak: Styret gir jubileumsnemnda fullmakt til å forsette arbeidet med Kultivator som produsent og kunstnarisk ansvarleg for jubileumskonserten i Bergen.*

**Styresak 2022/50      Drift av Folkemusikk**

*Vedtak:*

I 2023 publiserer Folkemusikk fire papirutgåver. Redaktør kutter design- og trykkekostnader ved å hente alternative tilbod og gå over til stifta rygg. Kostnadene justerast ut frå tilskotet vi får frå kulturrådet.

Framtidig struktur og organisering blir lagt fram for Landsmøtet i 2023.

**Styresak 2022/51      Opplegg for Landsmøtet 2023**

*Vedtak:*

- a) Landsmøtet vil finne stad på Gamle Logen, der vil vi også ha landsmøtemiddagen.
- b) Vi reserverer overnatting på Anker Hotel.
- c) Vi ber Riksscenen om å programmere ein egen konsert på fredag.
- d) Vi drar på dansefest på Riksscenen etter middagen
- e) Vi skal ha seminarprogram før lunsj laurdag.
- f) Vi etablerer ei arbeidsgruppe for landsmøtet, der Tormod Kleiveland, Thomas Nilssen, Jorun Hagen og Linda Dyrnes er med.
- g) Skisse på program:

Fredag:

- Møte med områdelaga
- Kort styremøte
- Konsert på Riksscenen

Laurdag:

- 9-12 Seminar
- 12-13 Lunsj
- 13.-15.30: Landsmøte
- 18.00-21.00 Middag
- 21.30-?: Dans

Sundag:

- 9-13 Landsmøte
- 13-14 Lunsj

**Styresak 2022/52      Revidering av langtidsplan med særskilde satsingar**

*Vedtak:*

- a) Styret og administrasjonen gjekk saman gjennom eksisterande langtidsplan med særskilde satsingar.
- b) Styret har ingen ønske om endre verdigrunnlag eller visjon. Styret ønskjer ikkje å gjere anna enn språklege endringar i måla.
- c) Under «Vi når måla gjennom» ønskjer ikkje styret andre endringar enn å fjerne Meisterkonserten som fast arrangement.
- d) Vi drøfta kva for særskilde satsingar vi kan ta bort og kva vi bør endre. Desse punkta var styret samde om:
  - a. Under overskrifta «Lag og medlemmer»: Endre punktet «Utarbeide og gjennomføre prosjektet "Unge musikalske leiarar" til «Følgje opp og vidareutvikle prosjektet "FolkLeiarUng".» Endre punktet: «Utarbeide ei ressursside for tillitsvalde, utøvarar og

- arrangørar.» til «Fullføre arbeidet med ei ressursside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar.»
- b) Under overskrifta «Informasjon / formidling /dokumentasjon»: Endre punktet «Planlegge ei større markering av at FolkOrg / Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023» til «Gjennomføre 100-årsjubileet for FolkOrg/Landslaget for Spelemenn.»
  - c) Under overskrifta «Folkedans»: Nytt punkt: «Arbeide for ei forståing og praktisering av dansen som ein levande og grunnleggande musikalsk tradisjon»
  - d) Under overskrifta «Utøvarar og arrangørar»: Tillegg til punktet: «Arbeide for ei meir rettvise TONO-ordning for folkemusikksjangeren,» «og jobbe for alternative ordningar som stimulerer til bruk av tradisjonsmusikk.»
  - e) Under overskrifta «Kulturpolitisk arbeid»: Ta bort punktet: «Stø opp om arbeidet for å få på plass digitale publiseringstøy for arkiva.», då det arbeidet er i gong.
- e) AU og dagleg leiar lagar eit opplegg for å involvere medlemmane i prosessen med revidering av langtidsplanen med særskilde satsingar.

**Styresak 2022/53      Eventuelt**

- a) FolkOrg garanterer for sin del av bestillingsverket saman med Vossajazz og Riksscenen slik fordelinga var skissert i møtet.